

Norges Vel 1809–2009

# Ein reiskap for fridom og utvikling

To hundre år 29. desember i år og i 1809 eit ektefødd barn av ei gryande norsk nasjonalkjensle: Det kongelige selskap for Norges Vel gjev assosiasjonar til ein fornem og tilbaketrekt krins som arbeider for ideelle føremål. Men heilt frå skipinga har selskapet konsentrert innsatsen om høgst konkrete arbeidsmål. Kong Frederiks samtykke til etableringa av eit eige norsk universitet i 1811 var den fyrste suksessen.

Av ANFINN BERNAAS  
TLF: 23 69 01 16 ab@sp.no

Det kongelige Frederiks Universitet – frå 1939 Universitet i Oslo – innleidde verksemda si i juni 1813. Såleis var ein avgjerande kultur- og danningstinstitusjon på plass da eidsvollmennene proklamerte den uavhengige staten Noreg 17. mai 1814.

– Det er ein nær samanheng mellom skipinga av «Selskabet for Norges Vel», etablering av det fyrste universitetet og gjennomføring av ei fri grunnlov bygd på prinsippa om folkesuverenitet og maktdeling mellom konge og storting, sa historieprofessor John Peter Collett i eit foredrag i den gamle stortingssalen på Norsk Folkemuseum ved Norges Vels feiring av jubileet 29. august i år.

Den gamle stortingssalen var ikkje vilkårleg vald. Salen stod ferdig i 1800 som auditorium og festsal for Christiania katedralskole – på den tid Noregs viktigaste institusjon i opplysninga si teneste – og var i 1809 byens største forsamlingslokale. Under ein middag 29. desember 1809 til

ære for den populære statthaldaren Christian August av Augustenborg i nettopp denne salen blei det delt ut ein invitasjon til å danne organisasjonen «Selskabet for Norges Vel».

I 1809 hadde Noreg bak seg to år med krig som hadde lamma all eksport av trelast, fisk og metall. Sjøfarten stoppa også opp. Det rådde matmangel og hungersnaud. Landet var i krise, men motgangen utløyste også nye krefter innan næringsverksemd, og landbruket fekk auka merksemd. Krigen fekk dessutan politiske følgjer: – Skipinga av Norges Vel hadde eit revolusjonært preg, sa Collett. Danmark-Noreg var eit uinnskrenkt kongeleg einevelde. Politisk verksemd var strengt forboden, og folkelege samanslutningar på tvers av kongens vilje blei brutalt slått ned. Skipinga av Norges Vel skjedde utan at kongen visste om det, og da rykta om det som hadde skjedd nådde København, sat kongen vantru. Da det etter ei tid kom ein «søknad» om samtykke, måtte kongen gje etter. Han hadde i røynda ikkje noko val. Tillegget «Det



Foto: Det Kongelige Selskap for Norges Vel

Festdagen for Det Kongelige Selskap for Norges Vels 200-årsjubileum blei innleidd med spesielt inviterte gjester i stortingsalen (no på Folkemuseet) der det heile byrja 29. desember i 1809. Frå høgre: Bjørn Iversen (preses i Norges Vel), H.M. Dronning Sonja (Norges Vels beskyttar), Lars Mork Gundersen (administrerende direktør i Norges Vel) og Laura Kvamme (visepreses i Norges Vel).

Flere kjende Sp-fjes er også i biletet: Thorvald Hillestad (lengst t.v. foran) – ordførar i Re og ordførar i representantskapet, David Kohrt-Norbye (bak og t.v. for dronninga) – leiar i Norsk Fjærfelag, Johan Buttedahl (bak og t.v. for Iversen) – tidlegare stortingsrepresentant, tidlegare ordførar i representantskapet og no æresmedlem.

kongelige» i namnet på selskapet skriv seg frå denne godkjenninga.

Skipinga var ein suksess. Etter kort tid hadde selskapet 3000 medlemmer over heile landet sjølv om kontingenten var høg, og slik sett ikkje akkurat var ei foreining for folk flest. Men lokalavdelingar blei bygde ut, og målet var oppslutning i lokalsamfunna over heile landet. Det måtte til for at kunnskap kunne nå fram til den enkelte bonde, handverkar og arbeidar og såleis gje ny aktivitet og vekst, nemningar som i vår tid også blir omtala som innovasjon og entreprenørskap.

Norges Vel sikta likevel vidare: Ambisjonen var å engasjere seg innan alle sektorar i næringslivet, i undervisning, og for utbygging av infrastruktur og kommunikasjon. På desse områda hadde den dansk-norske heilstaten svikta, og private måtte engasjere seg. Norges Vel blei derfor ei skugge-

regjering med styre og departement i Christiania og lokalforvaltning rundt om i landet. Misnøya med styret i København var stor, så stor at jernverkseigaren Jacob Aall i august 1809 kravde innkalling av ei rådgjevande nasjonalforsamling. Det blei avslått, men fire månader seinare var nasjonalforsamlinga på plass som Norges Vels generalforsamling; så å seie eit storting om lag fire år før Eidsvoll-forsamlinga.

Aktiviteten i Norges Vel var imponerende stor dei fyrste åra etter skipinga. Men i 1814, gjekk mange av drivkreftene inn i styringa av den nye staten, og aktiviteten dabba ein del av. Fyrst etter ei reorganisering i 1829 kom verksemda noko meir på skjener att. I 1850-åra gav nye reglar for statstilskott grunnlag for auka satsing på «landhusholdningsselskaper» for å utvikle landbruket (dei seinare landbrukselskapa). Med to-tre års mellomrom blei det hal-

de landbruksmøte, som var forløpar til store landbruksutstillingar. Organisasjonen medverka også til etablering av meieri, meieriskular og innføring av reiseagronomar.

I dag er Norges Vel mest kjent for å fremje næringsutvikling i lokalsamfunn og for utdeling av medaljen for lang og tru teneste. I tillegg arbeider organisasjonen med bistandsprosjekt, finansiert av Norad og Utanriksdepartementet. Blant prosjekta er algedyrking på Madagaskar, demonstrasjonsgard og potetdyrking i Makedonia og næringsutvikling i Aust-Afrika.

Kjelder: «Vekst gjennom kunnskap. Det kongelige selskap for Norges Vel 1809–14», John Peter Collett og Ernst Bjerke, Forum for universitetshistorie og Norges Vel 2009

www.norgesvel.no, www.posten.no og http://www.hf.uio.no/forskningsprosjekter/ffu/

SENTRUM

BESØKSADRESSE:  
Akersgata 35  
POSTADRESSE:  
Pb. 1191 Sentrum, 0107 Oslo  
Telefon: 23 69 01 00  
Telefaks: 23 69 01 01

e-post: sentrum@senterpartiet.no

REDAKSJON:  
Ansvarlig redaktør:  
Oddvar Igland  
Redaksjonssekretær:  
Anfinn Bernaas

Produksjonsleder/-layout:  
Ragne B. Lysaker

Abonnement: 100 kr. pr. år.

TRYKK: Nr1 Trykk  
OPPLAG: 20 000

ANNONSEPRIS:  
kr. 20,- pr. spaltemm.

Sentrum nr. 7  
kommer  
i desember 2009.

Vi mottar gjerne  
tips til stoff.